
Fra: Nils Marton Aadland
Sendt: 19. februar 2015 11:29
Til: Ragnar Bratland; Rolf Hansen; sngk@live.no; Sigmund Larsen; Marit Samnøy Jøssang; Lars Barstad; Åshild Aamli; Leif Johnsen
Kopi: Postmottak Meland
Emne: INVITASJON TIL MØTE MÅNDAG 23.02

Til gruppeleiarane i Meland kommunestyre

Viser til vedtak i kommunestyret i går 18.02.2015 – i sak 08/15 «Bompengesøknad for Nordhordlandspakken». Eg har sjølv sagt respekt for vedtaket kommunestyret har gjort, og vil halda meg lojalt til det.

Vedtaket seier ikkje noko om alternativ til Nordhordlandspakken eller konkrete tiltak for å realisere viktige samferdselsprosjekt i Meland.

Då det med det første skal haldast ulike møte om situasjonen som har oppstått etter vedtaket i Meland kommunestyre, m.a. eigarmøte i Nordhordlandspakken AS, har eg behov for å få signal frå gruppeleiarane på mellom anna dette:

1. Er det aktuelt å gå vidare med ein revidert Nordhordlandspakke?
2. Er det ønskjeleg å arbeide med ein «Meland-pakke»?
3. Skal ein avvente nye samferdsletiltak i Meland inntil framdrifta for E 39 Nyborgtunnelen er avklåra?
4. Er ein prinsipielt imot bompengar, og at ein difor må sjå bort frå å arbeide med prosjekt som har ei slik medfinansiering?

Dette er viktige spørsmål som eg treng signal om. Av den grunn inviterer eg gruppeleiarane til møte måndag 23.02. kl. 16.30 i formannskapssalen. Eg er kjent med at det er vinterferie i den veka, men håpar gruppeleiarane kan avsjå tid til ein samtale rundt dei spørsmåla eg her stiller.

Mvh

Nils Marton Aadland

Ordførar

Tlf: 56 17 10 25 / 922 71 050

E-post: Nils.Marton.Aadland@Meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)